

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Flora kommune

Utval: Kontrollutval - Flora kommune
Møtedato: 28.02.2012
Møtetid: 09:00
Stad: Møterom: Ytterøyane (Samfunnshuset).
Møtenr.: 2/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Ordførar (sak 12/12).

Melding til: Ordførar(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter etter nærmare innkalling).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- Sak 010/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- Sak 011/12 Skriv og meldingar.
- Sak 012/12 Orientering om strategiar og utfordringar med meri v/ordførar
- Sak 013/12 Reglement for kontrollutvalet
- Sak 014/12 Oppdragsansvarleg revisor si eiga vurdering av uavhengigheit,
- Sak 015/12 Oppfølgingsliste 2-2012 – Flora.
- Sak 016/12 Eventuelt

Flora, 21.02.2012.

Bjarne Holme (s)
Leiar


Asgeir Tveit

 **SEKOM-sekretariat**
Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

010/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 21.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.02.2012	010/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

011/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 21.02.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.02.2012	011/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyre	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 13-12 Vedtak bystyresak 020/12 Kontrollutvalet - årsmelding 2011.
- SM 14-12 Vedtak frmsksak 005/12 Lastebil VAR.
- SM 15-12 Brev frå KRYSS revisjon om Engasjementsbrev Flora kommune, datert 09.02.2012.
- SM 16-12 Årsrapport for 2011 – Kemnaren i Flora komune.
- SM 17-12 Brev frå KRYSS revisjon til Flora kommune om tinging frå kontrollutvalet i Flora – Overordna analyse.
- SM 18-12 Brev frå Jacob Nødseth om tapt arbeidsforteneste, datert 22.01.12.
- SM 19-12 Tilbakemelding frå Flora kommune til Fylkesmannen på tilsynsrapportane:
 - Tilsynsrapport om tvungen helsehjelp etter lov om pasientrettar kapittel 4A Flora kommune, utarbeidd av Helsetilsynet i Sogn og Fjordane, datert 13.10.2011.
 - Tilsynsrapport om skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø – Flora ungdomsskule, datert 22.06.2011.
 - Tilsynsrapport om skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø – Eikefjord barne- og ungdomskule, datert 22.06.2011.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør "skriv og meldingar" takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



FLORA
KOMMUNE

Saksgang
Bystyret

Møtedato
09.02.2012

Saksnr
020/12

Sakshandsamar:
Linda Nipen Asphjell

Arkiv: K1-033, K3-&14 Arkivsaker
Objekt: 12/51

KONTROLLUTVALET - ÅRSMELDING 2011

Kva saka gjeld:

Vedlagt følger årsmelding frå kontrollutvalet for 2011.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsmeldinga vert tatt til vitande.

09.02.2012 BYSTYRET

Røysting:

Samrøystes vedteke.

BYST-020/12 VEDTAK:

Årsmeldinga vert tatt til vitande.

Terje Heggheim
rådmann

Linda Nipen Asphjell
kommunalsjef økonomi



FLORA
KOMMUNE

Saksgang
Prosjektkomiteen
Kontrollutvalet
Formannskapet

Møtedato
09.11.2011
08.12.2011
17.01.2012

Saksnr
039/11
076/11
005/12

Sakshandsamar:
Hanne Anette Flugre

Arkiv: K1-216, K1-651 **Arkivsaknr**
Objekt: 11/1553

SLUTTRAPPORT - PROSJEKT 79529 LASTEBIL VAR

Kva saka gjeld:

Disponering av midlar løyvd til prosjekt 79529 Lastebil VAR.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sluttrapport med rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk, kr.72.546,91 vert overført til prosjekt 79556 "Kjøp av hjullaster".

09.11.2011 PROSJEKTKOMITEEN

Røysting:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

PRKO-039/11 VEDTAK:

1. Sluttrapport med rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk, kr.72.546,91 vert overført til prosjekt 79556 "Kjøp av hjullaster".

17.01.2012 FORMANNSKAPET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.'

FORM-005/12 VEDTAK:

1. Sluttrapport med rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk, kr.72.546,91 vert overført til prosjekt 79556 "Kjøp av hjullaster".

Terje Heggheim
Rådmann

Reidulf Refsnes
Tenesteleiar

Innleiing:

Det vart i budsjett for 2007 løyvd 1.000.000,- til prosjekt 79529 Lastebil VAR.

Av desse midlane vart:

- kr.485.000,- overført til projektnr: 79525 - kjøp av traktor, vedtatt i prosjektkomiteen sak 008/08 den 28.05.2008. Avslutta i Bystyret sak 099/10 den 07.10.2010.
- kr.310.000,- overført til projektnr: 79556 - Kjøp av Hjullaster, vedtatt i prosjektkomiteen sak 011/10 den 28.09.2010.

Ein liten plog vart kjøpt via prosjekt 78596 – Trafikksikringstiltak 08-10.

Plogen vart levert tilbake og kr.45.000,- inntektsført prosjekt 79529 – Lastebil VAR.

Ein sto då att med kr.205.000,- på prosjekt 79529 – Lastebil VAR.

Midlane i prosjekt 79529 – Lastebil – VAR vart disponert slik:

• inntekt frå anna prosjekt	kr.-45.000,-
• Ny plog	kr.53.700,-
• Ny plog	kr.51.500,-
• Diverse utstyr til traktor	kr.46.582,40.
• MVA vederlag	kr.26.695,60
• Renter	kr. -1.024,91
• Forbruk	kr.132.453,09
• Mindreforbruk	kr. 72.546,91

Økonomiske konsekvensar:

Prosjekt 79529 – Lastebil – VAR hadde ein totalkostnad på kr.132.453,09. Godkjent budsjett for Lastebil – VAR er på kr.205.000,-. Prosjektet har såleis eit mindreforbruk på kr 72.546,91 i forhold til budsjett. Prosjektet er i si heilheit lånefinansiert.

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	23.09.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Sluttrapport prosjekt 79529 Lastebil VAR	
2	I	03.10.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonsuttale - Sluttrapport/-rekneskap for Prosjekt 79529 Lastebil VAR	
4	I	15.11.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsuttale - Sluttrekneskap og sluttrapport Prosjekt 79529 - Lastebil VAR	
5	I	14.12.2011	SEKOM-sekretariat	Prosjektrekneskap og sluttrapport - prosjekt 79529 Lastebil VAR	

Kopi til: Rådmannen
Ordføreren

Flora kommune
Kontrollutvalet
v/ kontrollutvalssekretariatet SEKOM-Sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	Samarbeidsavtale/Vedtekter	216	014 / 2012	9. februar 2012
	F://engasjementsbrev/tf12			

ENGASJEMENTSBREV – FLORA KOMMUNE

1. Innledning

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord; forkorta til **KRYSS Revisjon** er - i samsvar med *Kommunelova* Kap. 12 - revisor for Dykkar kommune. Revisjonssamarbeidet vart etablert hausten 2004, med verknad frå 01.01.2005, der kommunane vedtok eigen samarbeidsavtale og egne vedtekter for det interkommunale revisjonssamarbeidet for 11 kommunar i Sunnfjord og Ytre Sogn. KRYSS Revisjon vert styrt av eit *Arbeidsutval* og ein representantskap, nemnd som *Samstyret*. Kvar av eigarkommunane har 1 politisk vald representant og vararepresentant i Samstyret, der kvar har 1 stemme. Arbeidsutvalet består av 5 medlemmar og 3 varamedlemmer. Kommunane som er med i revisjonssamarbeidet er Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund.

Revisjonen består av forvaltningsrevisjon og regnskapsrevisjon, og omfatter revisjonen av kommunerekneskapen (og tilhøyrande rekneskap for kommunale føretak). Med utgangspunkt i dei revisjonsbestemmelsane som gjeld for kommunar og fylkeskommunar, heri standarder for god kommunal revisjonsskikk, vil vi i dette brevet prøve å beskrive vår forståing av revisjonsoppdraget, slik at Kontrollutvalet får ei oppfatning av rollefordelinga og kva som kan forventast av oss.

Dei økonomiske forholda mellom revisjonen og Bystyret/Kontrollutvalet som oppdragsgjevar er handsama i ein eigen samarbeidsavtale mellom dei 11 deltakar-/ eigarkommunane, og elles i samsvar med revisjonssamarbeidet sine vedtekter.

2. Revisjonen – føremål og innhald

Lov om kommuner og fylkeskommunar (*Kommunelova*) har blandt anna følgjande bestemmelsar om revisjonen i § 78, der det heiter :

1. Revisjon av kommunal og fylkeskommunal verksemd skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk.
2. Revisjonsarbeidet skal omfatte reknskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Vi vil gjennomføre og rapportere resultatene av vår revisjon i henhold til god kommunal revisjonsskikk, som er ein rettsleg standard. Innhaldet i dette begrepet er normert av kommunelova sine bestemmelsar om revisjon, tilhøyrande forskrifter, og etablerte og anerkjende revisjonsstandarder på området. Som medlem av *Norges Kommunerevisorforbund* (NKRF) er vi underlagt jamnlege eksterne kvalitetskontrollar.

Revisor har plikt til løpande å føreta ei vurdering av eigen uavhengigheit. Oppdragsansvarleg revisor skal kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kontrollutvalet. Desse dokumenta får si handsaming i Kontrollutvalet med rapportering til Flora Bystyre.

Kommuneleiinga sitt ansvar

I henhold til kommunelova er det kommunen sin administrasjonssjef (rådmannen) som er ansvarleg for at kommunen sin interne, administrative kontroll og økonomiforvaltninga er ordna på ein betryggande måte, og at forvaltninga elles er gjenstand for betryggande kontroll. Det er også administrasjonssjefen sitt ansvar å utarbeide og å legge fram kommunen si årsmelding/årsrapport, og å avlegge årsrekneskapen i samsvar med bestemmelsane i kommunelova, forskrift om årsrekneskap og årsberetning i kommuner og fylkeskommuner, bokføringslova og god kommunal rekneskapsskikk.

Kommunen si leiing har også ansvaret for at vi som kommunen sin revisor har ubegrensa tilgang til registrerte opplysningar, dokumentasjon og annan informasjon som vi finn nødvendig for å kunne utføre vårt arbeid, herunder korrespondanse, kontraktar, protokollar, m.v. Dette inkluderer også tilgang til systembeskrivelsar, manualar til programvare og støtteprogram, og nødvendig veiledning.

Flora Bystyre og kontrollutvalet sitt ansvar

Bystyret er kommunen sitt øverste myndigheitsorgan, og har det øverste tilsyn med heile den kommunale forvaltninga. Bystyret velger sjølv eit kontrollutval til å førestå det løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på sine vegner. Kontrollutvalet skal påsjå at kommunen og forvaltninga blir forsvarleg revidert. Det er kun Bystyret og/eller Kontrollutvalet som kan bestille forvaltningsrevisjonar basert på ein overordna risiko- og vesentlegheitsanalyse.

2.1 Forvaltningsrevisjon

I henhold til forskrift om revisjon, § 7, inneber forvaltningsrevisjon å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader. Herunder om

- a) forvaltninga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarer med Kommunestyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader,
- b) forvaltninga sin ressursbruk og verkemidlar er effektive i forhold til måla som er sett på området,
- c) regelverket etterlevast,
- d) forvaltninga sine styringsverktøy og verkemidlar er hensiktsmessige,
- e) beslutningsgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa samsvarer med offentlege utgreiingskrav,
- f) resultatene i tenesteproduksjonen er i tråd med Kommunestyret sine føresetnader, og/eller om resultatene og målsetningane for verksemda er nådd.

Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjende standarder på området, og det skal etablerast ulike revisjonskriteriar for det einskilte forvaltningsrevisjonsprosjekt. Rådmannen blir alltid involv-

ert i eitkvart forvaltningsrevisjonsprosjekt; bl.a. gjennom eit oppstartsmøte og dialog og kommunikasjon under vegs i prosjektet si gjennomføringsfase. Rådmannen får alltid uttale seg til førebels rapport, før endeleg rapport blir oversendt Kontrollutvalet.

Innafor forvaltningsrevisjon av kommunar er det NKRF som er det standardsettande organ. Grunnlaget og bakgrunnen for den einskilde forvaltningsrevisjon vil vere beskrive ved rapporteringa av den einskilde revisjon, slik at denne oppgåva ikke blir beskrive ytterlegare i dette brevet. Sjå for øvrig nærmare om rapportering under eige avsnitt nedanfor.

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor i KRYSS Revisjon er Charles Litsheim, med stillingsnemning Revisjonssjef forvaltning. Til dagleg er han stasjonert ved vårt hovudkontor i Førde.

2.2 Rekneskapsrevisjon

Når det gjelder rekneskapsrevisjon vil grunnlaget for vårt arbeid i mindre grad vere omtala ved avrapportering, slik at vi her bruker litt meir plass på å beskrive vårt arbeid og grunnlaget for dette.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor for alle deltakarkommunane er Terje Førde. Han er dagleg leiar og revisjonssjef i KRYSS Revisjon. Han er mykje på reiser/besøk i kommunane og kommunane imellom, men mest å treffe på regionskontoret i Flora og hovudkontoret i Førde; og alltid å treffe på mobiltelefon.

Årsrekneskapen og dei aktuelle delane av årsmeldinga (årsrapporten/årsberetninga)

I rekneskapsrevisjonen er vår hovudoppgåve som revisor for kommunen å vurdere og å avgje ei uavhengig uttale (revisjonsberetning) om korvidt årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter. I tillegg kontrollerer vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa stemmer med regulerte budsjettbeløp.

Vi kontrollerer også om opplysningar i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen. I tillegg kontrollerer vi om den revisjonspliktige si leiding har oppfylt sin plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar.

Vidare er det vår oppgåve å vurdere om kommunen har ordna den økonomiske internkontrollen på en betryggande måte og med forsvarleg kontroll.

Årsrekneskapen skal iht. forskriftene sin ordlyd vere avlagt av administrasjonssjefen (rådmannen) innan 15. februar i året etter rekneskapsåret. Årsmeldinga skal avleggast utan ugrunna opphold, og seinast innan 31. mars. Administrasjonssjefen (rådmannen) sitt ansvar omfattar også ansvaret for at registrering, dokumentasjon og oppbevaring av rekneskapsopplysningar er innretta på ein forsvarleg, ordentleg og oversiktleg måte.

Revisjonen si utføring/gjennomføring og forholdet til intern kontroll

God kommunal revisjonsskikk inneber blandt anna at vi kontrollerer utvalde delar av materialet som underbyggjer informasjonen i årsrekneskapen, føretekt analytiske vurderingar og andre revisjonshandlingar som vi etter forholdene finn nødvendige og hensiktsmessige.

På grunn av revisjonen sine ibuande begrensningar, saman med den interne kontrollen sine ibuande begrensningar, vil det alltid vere risiko for at ikkje all vesentleg feilinformasjon i rekneskapen blir avdekka; - sjølv om revisjonen er planlagt og utført i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, heri dei *internasjonale revisjonsstandardene* (ISA-ene). Ved vår risiko-

vurdering vurderer vi dei interne kontrollane som er relevante for kommunen eller einingane si utarbeiding av årsrekneskapen med det føremål å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige ut frå omstendighetene, men ikkje for å gje uttrykk for effektiviteten av eininga sin interne kontroll. Slike revisjonar eller spesifikke gjennomgangar vil eventuelt kunne avtalast nærmare.

Generelt vil ein effektiv intern kontroll (kommunen sitt eige fokus på eigenkontroll) redusere risikoen for at mislegheiter og/eller feil og manglar vil kunne oppstå utan å bli avdekka, men vil aldri kunne eliminere denne risikoen heilt. Omfanget av vårt revisjonsarbeid vil for ein stor del vere avhengig av kvaliteten på, og effektiviteten av, kommunen sin interne kontroll, samt rekneskaps-, økonomi- og rapporteringsrutiner. Vi vil rapportere skriftleg om eventuelle vesentlege manglar i den interne kontrollen som er relevante for revisjonen av årsrekneskapen, og som vi har identifisert under revisjonsarbeidet. Sjå nærmare om dette under avsnittet *rapportering*, nedanfor..

Registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar

Når vi konkluderer om registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i revisjonsberetninga, vil revisjonen være utført i samsvar med den internasjonale standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller avgrensa revisjon av historisk finansiell informasjon». Denne standarden stiller krav om at vi etterlever etiske krav, planlegg og gjennomfører vårt arbeid for å oppnå betryggande sikkerheit for at det ikkje er vesentlege formelle manglar knytta til registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar. Slike vurderingar inneber gjennomføring av kontrollhandlingar for å innhente bevis om desse forholda. Dei valde kontrollhandlingane vil vere avhengig av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for vesentlege manglar.

Ved vurderinga av leiinga sine plikter med omsyn til registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar, innhentar revisor informasjon om kommunen sine interne rutiner for å vurdere samsvaret med lov, forskrift og god bokføringsskikk, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.

Revisjonsnotat, revisjonsmerknader, brev og rapportar

Rekneskapsmessige feil og manglar som vi finn det nødvendig å påpeike, vil vi rapportere skriftleg om i eigne revisjonsnotat eller revisjonsmerknader/brev. Desse vert stila til rette vedkomande innafor tenesteområdet/eininga, med gjenpart/kopi til administrasjonssjefen/rådmannen. Mindre forhold, førespurnader og påpeikingar, i f.eks. bilagskontrollen og forvaltninga elles prøver, vi å få løyst/retta moglege manglar på lavast mogleg nivå; der vi kommuniserer dette via e-post, telefon, samtaler, møter, osv.

Andre uttaler og kontrollhandlingar

Vår revisjon vil også omfatte dei kontrollhandlingar som er nødvendige for å attestere følgjeskriv til lønns- og trekkoppgåvene og dei terminvise krava etter den kommunale ordninga for momskompensasjon. Vi utfører også kontroll av tilskotsordningar som er gjeve for å finansiere særskilde oppgåver (særattestasjonar), der det er krav eller ønskje om revisor sin særattestasjon. Våre kontrollar blir då utført i tråd med oppdragsgjevar sine anvisningar og aktuell standard for attestasjonsoppdraget. Formalia kring dette går som regel fram av særskilde rundskriv som omtalar tilskotsordningane og tilhøyrande rapporteringskrav for middelbruken.

3. Innsynsrett og taushetsplikt

Revisor kan krevje eikvar opplysning, utgreiing/redegjørelse eller eitkvart dokument hos kommunen og føreta dei undersøkingar som revisor finn nødvendige for å gjennomføre revisjonsoppgåvene.

Både oppdragsansvarleg revisor og revisjonsmedarbeidarane har – med visse lovheimla unnatak - teieplikt om alt dei får kjennskap til under utføringa av revisjonsarbeidet. Dette følgjer av kommunelova, § 78, nr 7. Revisor si teieplikt gjelder uavgrensa i tid; også etter at oppdraget er avslutta.

Revisor si teieplikt er likevel ikkje til hinder for at kontrollutvalet eller Flora Bystyre får den informasjon om resultatene av revisjonen som er nødvendige.

4. Rapportering, kommunikasjon og dialog

Engasjementsbrev for revisjonsoppdraget blir vanlegvis utarbeidd for kvar valperiode eller oftare dersom det er forhold som tilseier dette. I tillegg blir det utarbeidd *oppstartsbrev* i samband med oppstart av det *einskilde forvaltningsrevisjonsprosjekt*, og *årlege brev* i samband med årsoppgjersrevisjonen kring *årsrekneskapen*. Dette blir oversendt administrasjonen. Vi legg opp til ein forholdsvis tett dialog med administrasjonen i årsoppgjeret, der vi gjerne også inviterer til eit oppsummeringsmøte før endeleg revisjonsberetning blir utforma; dersom vi finn dette hensiktsmessig eller nødvendig.

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir utarbeidd ein *overordna analyse* som grunnlag for ein plan for *forvaltningsrevisjon*, og kome med innstilling overfor Flora Bystyre. Det er Bystyret som vedtek planen. Forvaltningsrevisjonar rapporterer vi til kontrollutvalet i form av egne rapportar, som har nemninga *forvaltningsrevisjonsrapport*. Det førekjem også at vi under det løpande revisjonsarbeidet kring finansiell revisjon (rekneskapsrevisjon) kjem over saker og funn som er av ein slik karakter at vi velger å oppsummere dette i mindre revisjonsrapportar. I slike saker følgjer vi gjerne *ikkje* dei standardkrav og kriteriekrav som er stilt i den ordnære revisjonsstandarden for forvaltningsrevisjon. Slike rapportar vil ha nemninga *revisjonsrapport*.

Rekneskapsrevisjonen sitt innhald avhenger av revisjonsstandarder, intern kontroll og revisor sitt skjønn. Kontrollutvalet si oppgåve her er å påsjå at kommunen har ei tilstrekkeleg og tilfredsstillande revisjonsordning. For å sikre at kontrollutvalet får den informasjon om rekneskapsrevisjonen som utvalet føler behov for, vil det i tillegg til revisjonsberetninga blir gjort greie for status i det løpande revisjonsarbeidet i møter gjennom året. Vi ser det også som naturleg at kontrollutvalet blir orientert om revisjonsstrategien og den praktiske revisjonsmetodikken, tidleg i revisjonsåret. Omfang, form og innhald på dette blir avtalt nærmare med kontrollutvalet direkte etter dialog og kommunikasjon i møter.

Revisor har møteplikt når ein vert innkalla. Forøvrig har revisor møterett i kontrollutvalet, formannskapet og bystyret/kommunestyret. Revisor kan også møte i andre utval dersom revisor finn det nødvendig.

Irregulære forhold og mislegheiter

I hht revisjonsttandaradene er revisor pålagd å innhente administrasjonen sine eigenvurderingar kring risikoen for misleghald i kommunen. Det skal innhentast ein årleg uttale på dette.

Iht til forskriftene § 3 skal revisor gjennom sitt revisjonsarbeid bidra til å førebygge og av-dekke irregulære forhold, misligheter og feil. Dersom det blir konstatert irregulære forhold eller mislegheiter ved revisjon av forvaltninga, eller på annan måte, skal revisor straks sende førebels rapport/innberetning til kontrollutvalet.

Når saksforholdet er nærmare klarlagt, skal revisor sende endeleg rapport/innberetning til kontrollutvalet. Revisor skal sende kopi av rapporten/innberetninga til administrasjonssjefen (rådmannen).

Nummererte brev

Vi kan gjennom arbeidet med rekneskapsrevisjonen finne forhold som ikkje blir påpeika i revisjonsberetninga, men som vi finn det nødvendig å påpeike i *nummerert brev*. Dette kan vere einskildsaker av meir alvorleg karakter. Slike nummererte brev vil bli sendt til kontrollutvalet med kopi til administrasjonssjefen/rådmannen. Kontrollutvalet har eit ansvar for å påsjå at forhold som er påpeika av revisor blir følgt opp.

I henhold til revisjonsforskrifta § 4, 2 skal revisor påpeike følgjande forhold i *nummererte brev*:

1. Manglar ved plikta til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar.
2. Feil og manglar ved organiseringa av den økonomiske internkontrollen.
3. Mislegheiter.
4. Feil som kan medføre feilinformasjon i årsrekneskapen.
5. Manglande utgreiing/redegjørelse for vesentlege avvik mellom beløpa i den revisjonspliktige sitt årsrekneskap og regulert budsjett slik det fremstår etter gyldige vedtak/endringar fatta på riktig beslutningsnivå.
6. Begrunnelse for manglande underskrift ved bekreftelsar overfor offentlege myndigheiter som blir gjeve i medhold av lov eller forskrift.
7. Begrunnelse for å seie ifrå seg oppdrag etter § 16.

Brev med påpeiking av mindre vesentlege feil eller manglar vil bli sendt direkte til administrasjonen. I kva grad kommunen sitt kontrollutval skal ha kopi av slike brev, blir avtala særskild med kontrollutvalet. Av omsyn til kontrollutvalet si heilheitlege oversikt vil dette etter revisjonen si oppfatning vere ein naturleg del av den løpande dialogen og kommunikasjonen mellom revisor og kommunen sitt kontrollutval.

Uttaler frå kommunen si leiing

I samband med årsavslutninga vil vi i samsvar med god kommunal revisjonsskikk innhente ei skriftleg uttale frå leiinga om fullstendigheita og riktigheita av dei opplysningar som blir gjeve i årsrekneskapen. På same måte er vi pålagd å innhente skriftlege uttale frå leiinga om rådmannen sin kjennskap til eller mistanke om mislegheiter, mv., i kommuneorganisasjonen. Desse uttaler vil bli innhenta av oss frå administrasjonen, og kontrollutvalet blir orientert om vårt brev og svarbrevet som revisor mottok frå administrasjonen (rådmannen).

5. Andre tenester


Vår organisasjon har medarbeidarar med betydeleg kompetanse og praksis innafor mange fagområder. Dette gjer oss i stand til å yte kompetent veiledning til Dykkar kommune, og som medlem av NKRF kan vi også trekke på kompetansen i eit stort fagmiljø. Vi bistår gjerne med veiledning innafor intern kontroll, meirverdiavgift, rekneskapsføring, budsjett, lov og forskrifter, osv.; - så langt det let seg gjere innafor våre oppgåver som kommunen sin revisor.

Vi stiller gjerne opp med fagdagar og dagsseminar innafor ulike tema, der vi har gode erfaringar med foredrag i einskildkommunen, eller å samle alle våre eigarkommunar på felles dagskurs, etc. Vi er non-profit-basert og budsjettkopla, så alle slike vil vere til sjølvkost. Pga. vår organisering er alle våre tenester overfor eigarkommunane og deira verksemdar avgiftsfrie.

Vi håper innholdet i dette brevet samsvarer med kontrollutvalet si forståing av revisor sine roller og ansvarsområde, og vi ser fram til eit fortsatt godt og konstruktivt samarbeid kring våre revisjons- og rådgjevingstenester til beste for kommunen. Dersom noko er uklart eller utvalet har spørsmålsstillingar, håper vi De tek kontakt.

Førde den 9. februar 2012

Med helsing



Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde

Tenje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Oppdragsansvarleg revisor finansiell revisjon


KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD
Charles Litsheim
Revisjonssjef forvaltning
Oppdragsansvarleg revisor



Årsrapport for 2011

Kemnaren i ***FLORA kommune***

Innhold

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret	3
1.1.1 Ressurser	3
1.1.2 Organisering	3
1.1.3 Ressurser og kompetanse	3
1.2 Internkontroll	3
1.3 Vurdering av skatteinngangen	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret	4
1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret	4
1.4 Skatteutvalg	4
2. Skatteregnskapet	4
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet	4
2.2 Margin	4
2.2.1 Margin for inntektsåret 2010	4
2.2.2 Kommentarer til marginavsetningen	5
3. Innfordring av krav	5
3.1 Restanseutviklingen	5
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav	5
3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser	6
3.1.3 Restanser eldre år	6
3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år	6
3.2 Innfordringens effektivitet	7
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 30.06.2011	7
3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat	7
3.2.3 Omtale av spesielle forhold	7
3.3 Særnamskompetanse	7
4. Arbeidsgiverkontroll	8
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	8
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller	8
4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen	8
4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen	8
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	8
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak	8
4.7 Kontorets eventuelle tiltak for bedring av arbeidsgjevarkontrollen	9

1 Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

1.1 Skatteoppkreverkontoret

1.1.1 Ressurser

Ressursfordeling

	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved SKO som kun er benyttet til SKO-funksjonen i regnskapsåret	2,38	100 %
Ressursbruk ved SKO, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap	0,30	12,6%
Innfordring av skatt/arbeidsgiveravgift	1,00	42,0%
Kontrollvirksomhet	0,48	20,2%
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførere/revisorer	0,20	8,4%
Skatteutvalg	0,05	2,1%
Administrasjon	0,35	14,7%
(Andel fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Kontoret har hatt 2 faste årsverk fram til 1. desember. Frå 1 desember fekk vi tilsett regnskapskontrollør i heil stilling, slik at i dag er kontoret bemanna med, kemner, regnskapskontrollør og ein konsulentstilling. I tillegg disponerer vi ein person ein dag for veka (0,2 årsverk) til å ta seg av journalføring, arkivering og anna førefallande arbeid. Vi har felles sentralbord med kommunen ved servicetorget og det er da definert inn som 0,1 årsverk. Med så få tilsette må vi ved kontoret handtere alle oppgåver, men kemner har hovedvekt mot personlege skatteytarar og administrasjon medan konsulent har hovedvekt på føring av skatteregnskapen, godkjenning i bank, oppfølging og veiledning mot arbeidsgjevarar. Ved ferier overlapper vi kvarandre.

1.1.3 Ressurser og kompetanse

Kompetansen ved kontoret er etter vårt syn god, og både kemner og konsulent har lang erfaring innanfor skatteregnskapet. Ny medarbeider – regnskapskontrollør - som vart tilsett 1. desember kjem frå skattekontoret og har brei erfaring frå kontrollverksomheita derifrå, og har god kompetanse på området. Innfordringsmessig er også kompetansen god. Medarbeidarane har gjennom åras løp teke fleire kurs i innfordringsarbeid, arbeidsgjevarkontroll og no seinast mange kurs i Sofie. Ressursane våre har vert små og dette har resultert i at vi ikkje har hatt muligheter for å gjennomføre arbeidsgjevarkontroll ved eige kontor. Dette har medført at vi dei seinare åra har kjøpt denne tjenesten ved andre kontor. I 2010 har dette kontoret ikkje hatt ressursar til overs og vi har difor ikkje fått utført arbeidsgjevarkontroll. Dette vil frå 2012 endre seg da vi som nemnt har fått tilsett regnskapskontrollør i heil stilling.

1.2 Internkontroll

Ny rutinebeskrivelse er utarbeid etter overgangen til Sofie, og var ferdig 10.08.2009. Den er no komplementert med perm for internkontroll og handlingar som skal utførast i løpet av regnskaps/innfordringsåret.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret

Innfordra skattar og avgifter er for 2011 kr 1 219 036 514, mot kr 1 151 750 067 i 2010. Ein auke på kr 67 286 447, tilsvarande 5,84%.

1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret

Kommunen sin del av inngangen er kr 240 181 950 mot kr 259 782 209 i 2010. Ein nedgang på Kr 19 600 259, tilsvarande 7,54%.

1.4 Skatteutvalg

Det har ikkje vert søknader til skatteutvalet i 2011. Vi har hatt førespurnader, men etter dialog med skatteyter har dei funnet ut at dei vil prøve å betale likevel. Dette ikkje minst på grunn av at vi har fokusert veldig på at pensjonspoeng vert nedsett om dei skulle få ettergjeving.

2 Skatteregnskapet

2.1 Avleggelse av skatteregnskapet

Avleggelse av skatteregnskapet

Skatteoppkreveren i Flora kommune bekrefter at skatteregnskapet for 2011 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevere § 3-1.

- Det er mottatt pålegg om regnskapsføringen, rapporteringen og avleggelsen av skatteregnskapet fra regional kontrollenhet. Pålegg gjeld i hovedsak arbeidsgjevarkontrollen, grunna at det ikkje er utført kontrollarbeid mot stedlege arbeidsgjevarar. Kontor kontrollen er imidlertid ivaretek på ein god måte etter vårt syn.

Årsregnskapet for 2011 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkreveren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2010

Beskrivelse	Beløp
Innestående margin for inntektsår 2010, pr. 31.10.2011	0
For mye avsatt margin for inntektsår 2010	
For lite avsatt margin for inntektsår 2010	18 415 302

Marginprosent

Prosentats marginavsetning: 8 %. Gyldig fra: 01.01.1992

2.2.2 Kommentar til marginoppgjøret

Marginoppgjøret viser at det er avsett forlite. Ideelt skulle det vert sett av 11%, men det har ikkje medført vanskar med å betale ut tilgodesum. Det er ikkje vedteke nokon endring i prosentatsen. Sentraladministrasjonen er oppmoda om å få vedteke auke av marginprosenten.

Marginavsetning for inntektsåret 2011, pr. 31.12.2011 kr. 60 256 320.

3 Innfordring av krav**3.1 Restanseutviklingen****3.1.1 Totale restanser og berostilte krav**

Skatteart	Restanse 31.12.2011	Herav berostilt restanse 31.12.2011	Restanse 31.12.2010	Herav berostilt restanse 31.12.2010	Endring i restanse Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	17 756 513	699 201	19 071 158	484 796	-1 314 645	+214 405
Arbeidsgiveravgift	303 507	0	567 736	0	-264 229	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	816 388	1 286	485 876	0	+330 512	+1 286
Forskuddsskatt	59 107	0	49 217	0	+9 890	0
Forskuddsskatt person	3 083 364	0	2 871 176	0	+212 188	0
Forskuddstrekk	434 297	0	524 229	0	-89 932	0
Gebyr	6 160	0	6 160	0	0	0
Innfordringsinntekter	119 557	7 307	130 112	7 041	-10 555	+266
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	702 057	0	1 093 725	0	-391 668	0
Restskatt person	12 232 076	690 608	13 342 927	477 755	-1 110 851	+212 853
Sum restanse diverse krav	1 796	0	1 366	0	+430	0
Diverse krav	1 796	0	1 366	0	+430	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	17 758 309	699 201	19 072 524	484 796	-1 314 215	+214 405

3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Totale forfalte debetkrav utgjorde ved årsskiftet kr 17 758 309 mot kr 19 072 524 året før. En glødelig nedgang.

Berostilte krav var kr 699 201 mot kr 484 796 året før. Auker kjem av berostilling av krav på utenlandske skatteytarar.

Det er avskrevet totalt kr 1 478 930 frå 19 skatteytare. Der mesteparten skriv seg frå avslutta konkursbu, og en liten del etter endt gjeldsordning.

Ettergivelse av skatt utgjør kr 67 016 på 3 skatteytare.

Kr 247 758 er nedsett skatt etter endring av pensjonspoeng.

Utløst skatter personlege for 2010 utgjorde kr 795 628 234 mot kr 790 385 087 i 2009. Ein auke på kr 5 243 147, eller 0,66%. Antall skatteytare i 2010 var 8821 mot 8854 i 2009. Ein liten nedgang på 33.

For upersonlege var utløst skatt 2010 kr 119 593 527 mot kr 94 744 781 i 2009. Ein auke på kr 24 848 746, eller 26,22%. Antall skatteytare i 2010 var 568 mot 580 i 2009.

Innbetalt forskotstrekk i 2011 var kr 652 106 249 mot kr 614 932 998 i 2010. Ein auke på kr 37 173 251, eller 6,04%. Restanse forskotstrekk utgjør kr 434 297 i 2011 mot kr 524 229 i 2010. Ein nedgang på kr 89 932, eller 20,7%.

Innbetalt arbeidsgjevaravgift i 2011 var kr 268 530 618 mot kr 253 859 640 i 2010. Ein auke på kr 14 670 978, eller 5,78%. Restanse arbeidsgjevaravgift utgjør kr 303 507 i 2011 mot kr 567 736 i 2010. Ein nedgang på kr 264 229, eller 87%.

En stor del av dei større restansane skriv seg frå etter det vi definerer som vanskelegstilte skatteytare. Skjønslikningar.

Også i restansmassen eldre år finn vi att desse og dei utgjør en betydeleg del av restansane. Om lag kr 5 mill. av restansmassen er konkurskrav enten på personlege og upersonlege skatteytarar. Utenlandske skatteytarar står skuldig med kr 1 945 000, kor skatteytarane hovudsakleg kjem frå Polen, Litauen og Romania.

3.1.3 Restanser eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2009	2 006 597	1 545 597
2008	1 309 842	1 036 718
2007	1 533 337	1 193 934
2006 – 19XX	6 835 242	-----

3.1.4 Kommentarer til restanseoppfølgingen for eldre år

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2011 og har sikra så langt det lett seg gjere at krav ikkje vert forelda uten at det er iverksatt tiltak.

Antall krav som var foreldet pr. 31.12.2011: 8

Dette er krav frå utenlandske skatteytarar som er uråd å få innkravd.

Samlet beløp på krav som var foreldet pr. 31.12.2011: kr 184 831.

3.2 Innfordringens effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 30.06.2011

Kontoret fekk fylgjande resultatkrav frå Skatt Vest. Restskatt 2009 innfordra 55,0%, resultat 60,33%. Restskatt 2009 innbetalt, krav 92,6%, resultat 93,21%. Forskuddsskatt 2010 krav 98,5%, resultat 98,18%. Forskuddstrekk 2010 krav 100%, resultat 99,99%.

Arbeidsgjevaravgift 2010 krav 99,9%, resultat 99,99%. Resultata ligg over krava frå Skatt Vest. Eit krav vedrørande forskotsskatten ligg litt under – 0,3%. Etter vårt syn er resultata gjennomgåande svært gode.

3.2.2 Vurdering av samheng mellom innfordringsaktivitet og har innfordringsresultat

Sofie er no godt integrert i vårt arbeid, og det meiner vi viser att på innfordringsarbeidet vårt og restansane. Likevel meiner vi, at vi i enkelte saker kunne komt enda raskare i gang med innfordringsarbeidet, dette gjeld spesielt på skatteytarar vi har årelang kjennskap til som ikkje betaler frivillig. Det er ikkje alltid at valgt DTI strategi er rett. Ofte kan utleggstrekk vere det rette tiltaket sjølv om vedkommande står i ein strategi som tilsvarer at han har moglegheit for å kunne betale. Men når det er sagt har DTI gjort at vi kan jobbe meir med tyngre innfordringssaker.

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Gjentar følgjande fra fjorårets rapport "Flora kommune har mange firmaer som bruker utenlandsk arbeidskraft. Dei er her gjerne i kortare peridar, får utskrevet skattekort basert på eit heilt år og kjem dermed ut med restskatt. Eit anna problem er utbetaling av feriepenger som skjer året etter at gjerne arbeidsforholdet er avslutta. Her vert ikkje trekt skatt, men er jo skattepliktig inntekt. Skatteyter får ikkje klassefrådrag og kjem då ut med restskatt. Desse skatteytarane er svært vanskeleg å få kontakt med og fylgjeleg vanskeleg å få innbetalt restskattane dei får, då dei som oftast også er under minstegrensa for innfordring i utlandet. Det er spesielt skatteytarar frå dei Baltiske landa". Dette meiner vi fortsatt, og viser til at skatterestansane på utenlandske skatteytarar utgjer om lag kr 1 945 000. Innfordringsavtalen med bl.a. Polen fungerer ikkje slik den skulle. Eit forslag, som vi gjerne gjentek for å unngå desse problema er at det vert vedteke ein fast prosentsats for utenlandske arbeidstakarar. Då ville problemet vert løyst.

3.3 Særnamskompetanse

Vi nyttar særnamskompetansen og har hatt den i mange år.

4 Arbeidsgiverkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollene

Kontoret har fram til 1. desember 2011 ikkje hatt personalressursar til arbeidsgjevarkontrollen. Ny medarbeider med ansvar for arbeidsgjevarkontrollen begynte 1. desember. Vi hadde elles i året ein liten budsjettpost som vi kunne nytte til å kjøpe tjenester for. Imidlertid så var det ingen andre skatteoppkrevjarkontor som hadde kapasitet som vi kunne kjøpe denne tjenesten.

4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller

Antall planlagte kontroller for 2011: 0

Som utgjør: 0 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller 2011: 0

Som utgjør: 0 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2010: 0

4.3 Resultater fra arbeidsgjevarkontrollen

Ingen.

4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen

Kan egentleg berre sei at den er svært mangelfull og viser til 4.1.1.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Kontoret har eit samarbeid med Skatt Vest Florø som utfører kontrollaktivitet. I 2011 har det ikkje vore kontrollaktivitet som vi har samarbeid om.

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Alle nye arbeidsgjevarar får tilsendt informasjon, i 2011 gjeld dette 33 nye arbeidsgjevarar. Elles vert regnskaps-/revisjonskontor informert og oppdatert om nye informasjon.


4.7 Kontorets eventuelle tiltak for bedring av arbeidsgiverkontrollen

Manglande arbeidsgjevarkontroll har i mange år vert teke opp med sentraladministrasjonen i mange samanhenger både av oss og av tidlegare skattefut, og no i seinare tid av Skatt Vest. Det er med glede vi no kan skrive i årsrapporten at vi endeleg har fått gehør for kor viktig denne kontrollen er. Frå 1. desember er som nemnt ovanfor ny medarbeider tilsatt med ansvarsområde kun arbeidsgjevarkontroll. Første månaden har gått med til å få tilgang til ulike arbeidsverktøy, planlegging, utarbeiding av rutineskildring, møte med RK Vest etc. I skrivande stund er kontrolløren godt i gang med fleire kontrollar.

Sted/dato: Florø 18. januar 2012

Rune Øsa

Kemnars signatur



Vedlegg: Årsregnskapet for 2011 - signert av skatteoppkreveren.


Årsregnskap for Flora kommune, kemnerkontoret for regnskapsåret 2011
Avlagt etter kontantprinsippet

		Valgt år	Forrige år
	Likvider	65 799 538	66 156 454
	Skyldig skattekreditorene	-5 458 880	-8 929 250
	Skyldig andre	-84 333	-150 839
	Innestående margin	-60 256 320	-57 076 358
	Udisponert resultat	-5	-6
Sum		0	0
	Arbeidsgiveravgift	-268 209 727	-253 700 603
	Kildeskatt	0	0
	Personlige skatteyttere	-832 616 401	-801 870 271
	Selskapsskatt	-118 118 961	-97 047 610
	Renter	-179 842	829 977
	Innfordring	88 417	38 441
Sum		-1 219 036 514	-1 151 750 067
	Fordelt til Folketrygden - arbeids	268 209 728	253 700 603
	Fordelt til Folketrygden - medler	229 125 279	215 269 330
	Fordelt til Fylkeskommunen	52 832 787	50 469 279
	Fordelt til kommunen	240 181 950	259 782 209
	Fordelt til Staten	428 686 771	372 551 000
	Krav som er ufordelt	-1	0
	Videresending plassering mellom	0	-22 355
Sum		1 219 036 514	1 151 750 067
Sum totalt		0	0

Florø 18. januar 2012

Underskrift:

- Kemner-



Flora kommune
 Rådmannen
 6900 FLORØ

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Overordna analyse 2012/tf

Arkivkode:

216

Journalnr.:

005 / 2012

Dokumentdato:

7. februar 2012

TINGING FRÅ KONTROLLUTVALET I FLORA; - OVERORDNA ANALYSE – FLORA KOMMUNE 2012

Kontrollutvalet har gjort vedtak om å få utarbeidd ei oppdatert 'overordna analyse' over Flora kommune, som skal brukast som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon. Dette oppdraget er lagt til kommunerevisjonen å utføre, med ferdigstilling våren 2012.

Vi legg til grunn det analysedokument som vart utarbeidd av oss i 2008; som var ei rullering av den først etablerte *overordna analyse* av Flora kommune i 2005.

Det er ingen fasit på korleis eit slikt dokument skal sjå ut, og heller ikkje nokon forskriftskrav kring kva form, innhald og omfang eit slikt dokument skal ha. Det er likevel slik at dokumentet skal ha i seg risiko- og vesentlegheitsvurderingar og/eller ei resultat- og sårbarheitsanalyse av kommuneforvaltninga. Den overordna analysa skal hjelpe kommunen sitt kontrollutval til å identifisere behov for forvaltningsrevisjon på ulike områder, sektorar eller tenesteområder, der det er fare for feil eller manglar, avvik eller svakheter i forvaltninga i høve lover, forskrifter, interne styringsdokument, etterlevinga av bystyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader.

Vi har overfor kontrollutvalet gjort kjent at vi ønskjer rådmannen sin medverknad til framskaffing av nødvendig dokumentasjon for vårt arbeid, samt innspel på konkrete saksfelt/-områder som kan vere av ein viss nytteverdi for kommunen å sjå nærmare på.

I analysedokumentet ser vi det som naturleg at vi seier noko om både den administrative og den politiske organisering av kommunen. Vi treng derfor

- ↳ eit oppdatert organisasjonskart for den administrative strukturen
- ↳ ei oversikt over dei politiske styrings-/beslutningsorgana

Vi tør også be om at rådmannen lister opp dei mest sentrale styringsdokumenta (eksempelvis delegasjonsreglement, økonomi-/finasreglement, innkjøp, m.v.), og korleis oppgave- og ansvarsfordelingane er i kommuneforvaltninga. Dersom det finst ei skjematisk oversikt, på tenestenivå/-områdene, med ansvar, område, antal tilsette, etc., så ønskjer vi også det.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger
 Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
 Tlf. 57 75 60 97
 E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
 Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
 Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
 E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
 Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
 Tlf. 57 78 85 47
 E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Når det gjeld programvarer, støtteprogram og bruk av IKT-system i kommunen, så bør vi ha ei skjematisk oversikt over kva som finst i kommunen idag, med opplysningar om kva desse er brukt til (funksjonsområda) og korleis den enkelte programvare evt. er integrert i økonomi- og tenstefunksjonane i forvaltninga.

Når det gjeld budsjett- og rekneskap, og heri årsmelding, KOSTRA-materialet, m.v., så vil vi nytte økonomi- og tenstedata frå siste års rekneskap og inneverande års årsbudsjett. Vi vil også sjå litt på økonomi- og handlingsplanen, samt dei føringar som ligg i politiske vedtak kring desse dokumenta.

Det ville også vere fint om rådmannen kunne seie noko av rapportering og avvikshandtering i si tilbakemelding til oss; både for det som gjeld driftsdelen og det som gjeld investeringar. Vi ønskjer også nokre kommentarar frå rådmannen på utfordringane kommunen står overfor ved innføringa av samhandlingsreforma, samt andre utfordringar kommunen står overfor i 2012.

Ettersom analysedokumentet også skal ha i seg opplysningar om kommunen sine eigarskap med tanke på eigarskapskontroll og selskapskontroll, tør vi be om ei fullstendig oversikt over dei selskap kommunen er medeigar, deltakar eller heileigar i. Dersom kommunen har utarbeidd eit eige strategidokument for kommunen sine eigarskap i ulike verksemdar/selskap, tør vi be om å få oversendt dette.

Vi utfordrar også gjerne rådmannen på om han kan kome med innspel på moglege kontrollområder som det etter hans syn vil vere fordelaktig å sjå nærmare på gjennom val av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Etter vår oppfatning bør forvaltningsrevisjonsressursar nyttsat på områder der kommunen i ei viss grad vil ha nytteverdi; - i form av fokus på ei kvalitetsheving, effektivisering, produktivitet, betra måloppnåing og god økonomisk styring.

Det er vår målsetting å få fram vesentlege forhold kring Flora kommune sine forvaltningsapparat, der risikoaspekta på eit meir overordna nivå vert belyst, slik at kontrollutvalet og bystyret får eit best mogleg beslutningsgrunnlag for kva som bør/skal prioriterast å sjå nærmare på i ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll/ eigarskapskontroll.

Vi ser fram til ein god dialog og kommunikasjon med kommuneleiinga kring dette arbeidet. Har De spørsmål til ovannemnde, håper vi De vil ta kontakt.

Av omsyn arbeidet kring det føretåande årsoppgjeret for 2011, har vi valgt å ikkje setje ein fast tilbakerapporteringsfrist på dette, men vi tør ber om at De prøver å gje oss ei tilbakemelding så raskt som mogleg, slik at vi kan få framdrift i vårt arbeid i saka. Vi er også åpne for å ha eit møte kring dette, om det er ønskjeleg frå rådmannen si side.

Florø den 7. februar 2012

Med helsing



Torgeir Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Kopi: Kontrollutvalet ✓
Ordføraren

SM 18-11

Til:

Leiar i kontrollutvalet i Flora kommune, Bjarne Holme
Rådmann Terje Heggheim

Kopi:

Ordfører Bengt Solheim-Olsen

Florø 22. januar 2012

Presisering i høve krav om erstatning for tapt arbeidsforteneste

Først vil eg presisere at eg i utgangspunktet ikkje ser det som nødvendig å sende dette skrivet. Men på bakgrunn av tidlegare erfaringar finn eg det på sin plass å kome med dette skrivet til dykkar vitande for å unngå ev. misforståingar. Min intensjon med skrivet er å tilføre informasjon pro-aktivt.

22. desember 2011 gjekk eg inn i stillinga som politisk rådgjevar for ordfører Bengt Solheim-Olsen. Stillinga er ei deltidsstilling i 35 % og med ei årleg løn på 175.000 kroner. Stillinga har ikkje fast arbeidstid utover den normerte stillingsprosenten og heller ikkje låst arbeidsstad.

Samstundes som eg har denne deltidsstillinga i Flora kommune er eg fulltids-student ved juridisk fakultet ved Universitetet i Bergen. Mitt primære virke, som i seg sjølv svarar til minst ein 100 % stilling, er altså mine studiar i Bergen. I tillegg har eg altså ei 35 % stilling som tilsett i kommunen.

I/for Flora kommune har eg i dag fleire folkevalte verv. Desse er:

Medlem av bystyret

Medlem av formannskapet

Leiar av helse- og sosialutvalet

Leiar av klagenemnda for forvaltningssaker

Leiar av klientutvalet

Leiar av plangruppa for helse-, sosial- og omsorgsplan 2013-16

Leiar av koordineringsgruppa for helse-, sosial- og omsorgsplan 2013-16

Varamedlem til styret KF Innvandrarsenteret

Varamedlem til styret KF Hamn

Varamedlem til styret Flora Næringsseigedom AS

Varamedlem til styret Næringsfond for ungdom

Eg syner vidare til kommunal- og regionaldepartementet si sak nr 96/8129 som gjeld erstatning for tapt arbeidsinntekt for studentar i høve føresegnene i kommunelova § 41 nr 2 der departementet fekk ein førespurnad om studentar som er folkevalte har krav på erstatning for tapt arbeidsinntekt. I sitt svar skriv dept (med mine uthevingar):

«Kommuneloven § 41 nr 2 gir den folkevalgte rett til erstatning for tapt inntekt som følge av tillitsvervet. Med inntekt i lovens forstand er det ikke utelukkende tenkt på lønnsinntekt i ordinære ansettelsesforhold. Også folkevalgte uten fast lønnet arbeid, for eksempel husmødre, pensjonister og studenter har krav på erstatning for tapt arbeidsinntekt, jf NOU 1990:13 side 194. I NOUen fremgår det at disse gruppene får erstattet tap i inntekt når de må forsømme sine ordinære gjøremål, som for eksempel studier, for å ivareta tillitsverv.

Det er et vilkår for å få denne type erstatning at man har lidt et tap. Enkelte tap som for eksempel tap i lønnsarbeid, kan lett legitimeres, og gir dermed grunnlag for erstatning. Tap i inntekt som følge av at ordinære gjøremål må forsømmes, lar seg av praktiske årsaker vanskelig legitimere. For

slike tilfeller stilles det istedet krav om at tapet må være sannsynliggjort, jf NOU 1990:13 side 383 hvor det uttales: "De folkevalgte har imidlertid krav på dekning også for tap som ikke lar seg legitimere, hvor disse er tilstrekkelig sannsynliggjort".

Det er klart at studenter skal ha erstatning for tapt inntekt dersom de kan sannsynliggjøre at studiene måtte forsømmes på grunn av vervet. Satsen for ulegitimert tap skal settes av fylkestinget/kommunestyret. Satsen for ulegitimert tap kan ikke settes lavere enn at det, i alle fall ut fra en gjennomsnittsbetraktning, gir en rimelig dekning for de tap og utgifter som av praktiske årsaker vanskelig lar seg dokumentere.»

I ein avtale mellom ordførar og underteikna som supplerer arbeidskontrakta mellom underteikna som politisk rådgjevar og ordførar som min arbeidsgjevar heiter det om forholdet eg presiserer i dette skrivet:

«Nødseth er i tillegg til å vere politisk rådgjevar for tida 100% student ved Universitetet i Bergen. Når han må forsake arbeidet som student for å ivareta sine folkevalgte verv (ikkje stillinga som politisk rådgjevar) har han krav på tapt arbeidsforteneste etter gjeldande føresegner i lov, rundskriv frå dept. og lokale forskrifter der sistnemnte er i tråd med nasjonale føresegner.»


Igjen presiserer eg at denne formuleringa i avtalen mellom underteikna og ordførar i grunn er overflødig. Det at den er tatt med er såleis eit uttrykk for at både ordførar og underteikna ynskjer å vere ryddige.

Til dykkar vitande kjem eg til å krevje kompensert for tapt arbeidsforteneste i tråd med lokale og nasjonale føresegner når eg må forsake mine studiar for å ivareta mine folkevalte verv i Flora kommune og såleis vilkåra for slik kompensasjon er innfridd.

Eg kjem sjølvsagt ikkje til å krevje tapt arbeidsforteneste som student for det arbeidet eg gjennomfører som tilsett politisk rådgjevar for ordføraren. Dette fordi eg i den samanheng ikkje lir noko tap og har lønsinntekt som kompensasjon for utført arbeid. Og eg presiserer igjen at funksjonen som politisk rådgjevar ikkje er eit folkevalt verv men ei stilling eg er tilsett i.

Innhaldet i dette skrivet opplever eg som sjølvsagt. Og venteleg gjer også mottakarane av dette skrivet det same. Men nokon gongar er det greitt å vere føre var for å unngå ev. misforståingar som tenkeleg kunne oppstå. Eg vonar dette skrivet såleis verkar pro-aktivt oppklårande.

Med beste helsing



Jacob Nødseth
Politisk rådgjevar
Stud.jur.
Folkevalt

SM 19-12

Tveit Asgeir

Fra: Røed Grethe <Grethe.Roed@flora.kommune.no> på vegne av post <post@flora.kommune.no>
Sendt: 21. februar 2012 14:33
Til: Tveit Asgeir
Emne: SV: Kommunen sitt svar til Fylkesmannen på tilsynsrapportar
Vedlegg: Svar på rapport frå tilsyn med tvungen helsehjelp etter lov om pasientrettar kapittel 4A (L)(203569).pdf

Hei!

Sender deg eit vedlegg her. Det andre får du i ein separat e-post.

Ha ein fin dag!

Helsing postmottak

Grethe Røed

Arkivar

Tlf Flora kommune 57 75 60 00

Fra: Tveit Asgeir [<mailto:Asgeir.Tveit@sekom.no>]
Sendt: 21. februar 2012 09:26
Til: Postmottak
Emne: Kommunen sitt svar til Fylkesmannen på tilsynsrapportar

Kontrollutvalet i Flora kommune ynskjer tilsendt svaret Flora kommune har gjeve Fylkesmannen på følgjande tilsynsrapportar:

- Rapport frå tilsyn med tvungen helsehjelp etter lov om pasientrettar kapittel 4A Flora kommune, utarbeidd av Helsetilsynet i Sogn og Fjordane, datert 13.10.2011.
- Tilsynsrapport om skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø – Flora ungdomsskule, datert 22.06.2011.
- Tilsynsrapport om skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø – Eikefjord barne- og ungdomsskule, datert 22.06.2011.

Det hadde vore fint om desse kunnes sendast snarast råd då kontrollutvalet har møte 28. februar 2012.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no
Heimeside: www.sekom.no
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Faks: 57 72 20 10



Helsetilsynet i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Vår ref.
10/363-24/K2-F10, K3-&58//NOST

Dykkar ref.

Dato:
Florø: 01.11.2011

SVAR PÅ RAPPORT FRÅ TILSYN MED TVUNGEN HELSEHJELP ETTER LOV OM PASIENTRETTAR KAPITTEL 4A

Viser til endeleg rapport etter helsetilsynet i Sogn og fjordane sitt tilsyn med tvungen helsehjelp etter lov om pasientrettar kap.4A i Flora kommune, 20. og 21. september 2011.10.25. Kommunen vert bedne om å utarbeide ein framdriftsplan for korleis vi vil rette opp avviket, oversikt over når kommunen vil vere ferdig med arbeidet og kven som er ansvarleg for arbeidet. Tilsynet vert avslutta når kommunen har dokumentert at det er satt i verk tiltak for å rette opp avviket, tiltaka er evaluert og kommunen har kontrollert at tiltaka fungerer slik dei skal.

Framdriftsplan: kommunen har utarbeidd nye rutine på dei områda som tilsynet peikar på. Desse vert no gjort kjent for personalet. Vi lager kvar si mappe til alle tilsette som inneheld alle rutinar kring Kap.4A. Personalet skal så signere på at dei har lest og forstått rutineane. Dersom nokon ikkje forstår og ynskjer undervisning så vil vi gå gjennom rutineane med kvar enkelt. Dette arbeidet reknar vi med vil vere avslutta i løpet av v.45.

Tenesta har også samtykke kompetansevurdert to brukarar ved pleieavdelinga, og er i gang med å skrive vedtak etter kap. 4A på desse to brukarane. Vi reknar med at desse vedtaka er ferdig og sendt til Helsetilsynet i løpet av v.45.

Vi vil deretter evaluere gjennom samtaler med tilsette og gjennom å lese dokumentasjon for å finne om alle forstår og handlar i tråd med retningslinjene. Vi vil også gjere ein analyse av alle avvik for å finne kva som er område der vi må sette i verk tiltak.

Lukking av avvik: Vi meiner at vi skal kunne ha dokumentasjon på iverksette tiltak, ha evaluert og gjennomført kontroll på at tiltaka fungerer slik dei skal til v.51.

Ansvarleg for arbeidet: Tenesteleiar Norunn Stavø og Elisabeth Normann Leversund, elisabeth.norman.leversund@flora.kommune.no som er leiar i kvalitetsgruppa vår, er ansvarleg for lukking av avviket.

Med helsing

Norunn Stavø
Pleie- og omsorgsjef



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Vår ref.
10/1972-3/K2-A20, K2-B08, K3-
&58//BEFO

Dykkar ref.

Dato:
Florø: 05.09.2011

TILBAKEMELDING ETTER TILSYN § 9A - FLORA KOMMUNE

Etter gjennomført tilsyn med Flora kommune der tema var skulane sitt arbeid med elevane sitt psykososial skulemiljø, jf. Opplæringslova kapittel 9a, fekk kommunen seks pålegg om endring. Desse pålegga om endring er no retta opp.

Forebyggjande arbeid og internkontroll - § 9a-4, jf. 9a-3 fyrste ledd

1. Flora kommune skal sjå til at **Flora ungdomsskule** arbeider aktivt, systematisk og kontinuerleg for å forhindre at uønskt åtferd oppstår. Flora kommune må i denne samanhengen sjå til at Flora ungdomsskule

a. Syter for at planar og rutinar for skulemiljøarbeidet vert evaluerte.

Tilhøvet er retta opp ved at:

a. Flora ungdomsskule har utarbeidd eit årshjul for råd og utval. Evaluering av planar og rutinar for skulemiljøarbeidet ligg inne på faste møte i utvala.

Det individuelt retta arbeidet ved skulen

Opplæringslova § 9a- 3 tredje ledd:

Flora kommune skal syte for at **Flora ungdomsskule** behandlar oppmodingar om tiltak ved å gjere enkeltvedtak etter reglane om dette i forvaltningslova. Flora kommune må i denne samanhengen sjå til at Flora ungdomsskule:

a. Syter for at foreldre vert informerte om retten til enkeltvedtak dersom dei oppmodar skulen om tiltak i høve det psykososiale miljøet.

b. Syter for at skulen treff enkeltvedtak for oppmodingar frå foreldre om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet.

c. Syter for at skulen i vedtaket tek stilling til om retten etter § 9a-1 er oppfylt eller ikkje.

Tilhøvet er retta opp ved at:

- a. Informasjon om enkeltvedtak/ handsaming av oppmodingar er lagt i skulen sitt informasjonshefte. Det er og informasjon om dette på heimesida. Skulen har utarbeidd eige internt meldeskjema for saker under § 9a.
- b. Skulen har innarbeidd rutine for ta imot og handsame oppmodingar frå foreldre om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet. Gjennom dette sikrar skulen at det vert gjort enkeltvedtak.
- c. Kommunen utarbeider ein mal til bruk for enkeltvedtak som gjeld tiltak i høve det psykososiale miljøet. Krav om å ta stilling til om retten etter § 9a-1 er oppfylt ligg i denne malen.

Brukarmedverknad - §§ 9a-5 og 9a-6 og kapittel 11

3. Flora kommune skal sjå til at **Flora ungdomsskule** involverer og engasjerer elevvar og foreldre i skulemilj arbeidet. Flora kommune m  i denne samanhengen sj  til at Flora ungdomsskule:

- a. Syter for at skulen etablerer rutinar for   halde r d/utval orienterte om forhold som har vesentleg innverknad p  skulemilj et.
- b. Syter for at det vert halde jamlege m te i lovp lagde r d og utval, spesielt gjeld dette i h ve skulemilj utvalet.

Tilh vet er retta opp ved at:

- a. Flora ungdomsskule har utarbeidd eit  rshjul for r d og utval. Tema knytt til skulemilj  ligg inne p  faste m te i denne planen.
- b. I  rshjulet for r d og utval har skulemilj utvalet (SMU) har to faste m te kvart  r.
 - Haustm te med tema elevunders kinga, framlegg til planar/tiltak
 - V rm te med oppsummering og evaluering av skulemilj arbeidet i samband med behandlinga av skulens  rsmelding.

Ut over dette legg skulen opp til fleire m te etter behov.

F rebyggjande arbeid og internkontroll - § 9a-4, jf. 9a-3 fyrste ledd

1. Flora kommune skal sj  til at **Eikefjord barne- og ungdomsskule** arbeider aktivt, systematisk og kontinuerleg for   forhindre at u nskt  tferd oppst r. Flora kommune m  i denne samanhengen sj  til at Eikefjord barne- og ungdomsskule:

- a. Syter for at planar og rutinar for skulemilj arbeidet vert evaluerte.

Tilh vet er retta opp ved at:

- Eikefjord barne- og ungdomsskule har utarbeidd eit  rshjul for r d og utval. Evaluering av planar og rutinar for skulemilj arbeidet ligg inne p  faste m te i utvala.

Det individuelt retta arbeidet ved skulen - opplæringslova § 9a- 3 tredje ledd

2. Flora kommune skal syte for at **Eikefjord barne- og ungdomsskule** behandlar oppmodingar om tiltak ved å gjere enkeltvedtak etter reglane om dette i forvaltningslova. Flora kommune må i denne samanhengen sjå til at Eikefjord barne- og ungdomsskule:

- a. Syter for at foreldre vert informerte om retten til enkeltvedtak dersom dei oppmodar skulen om tiltak i høve det psykososiale miljøet.
- b. Syter for at skulen treff enkeltvedtak for oppmodingar frå foreldre om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet.
- c. Syter for at skulen i vedtaket tek stilling til om retten etter § 9a-1 er oppfylt eller ikkje.

Tilhøvet er retta opp ved at:

- a. Informasjon om enkeltvedtak / handsaming av oppmodingar er lagt i skulen sitt informasjonshefte. Det er og informasjon om dette blir og lagt ut på nettsidene til alle skulane i løpet av september. Skulen informerer føresette i foreldremøte kvar haust. Skulen har utarbeidd eige internt meldeskjema for saker under § 9a.
- b. Skulen har innarbeidd rutine for ta imot og handsame oppmodingar frå foreldre om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet. Gjennom dette sikrar skulen at det vert gjort enkeltvedtak.
- c. Kommunen utarbeider ein mal til bruk for enkeltvedtak som gjeld tiltak i høve det psykososiale miljøet. Krav om å ta stilling til om retten etter § 9a-1 er oppfylt ligg i denne malen.

Brukarmedverknad - §§ 9a-5 og 9a-6 og kapittel 11

3. Flora kommune skal sjå til at **Eikefjord barne- og ungdomsskule** involverer og engasjerer elevar og foreldre i skulemiljøarbeidet. Flora kommune må i denne samanhengen sjå til at Eikefjord barne- og ungdomsskule:

- a. Syter for at skulen etablerer rutinar for å halde råd og utval orienterte om forhold som har vesentleg innverknad på skulemiljøet.
- b. Syter for at det vert halde jamlege møte i lovpålagde råd og utval, dette gjeld spesielt skulemiljøutvalet.

Tilhøvet er retta opp ved at:

- c. Eikefjord barne- og ungdomsskule har utarbeidd eit årshjul for råd og utval. Tema knytt til skulemiljø ligg inne på faste møte i denne planen.
- d. I årshjulet for råd og utval har skulemiljøutvalet (SMU) har to faste møte kvart år.
 - Haustmøte med gjennomgang av planar / tiltak knytt til elevane sitt skulemiljø
 - Vår møte med oppsummering og evaluering av skulemiljøarbeidet i samband med behandlinga av skulens årsmelding.

Ut over dette legg skulen opp til fleire møte etter behov. Inneverande skuleår vil SMU ha fem møte.

Med helsing

Guri Langaas
Kommunalsjef

Bente Forfang
Skulefagleg rådgjevar

Vedlegg:

Årshjul for råd og utval, Flora ungdomsskule

Årshjul for råd og utval, Eikefjord barne- og ungdomsskule

Meldeskjema for saker under opplæringslova § 9a-3

Prosedyre for oppfølging § 9a, Eikefjord barne- og ungdomsskule

Årshjul for faste møter i råd og utval ved Flora ungdomsskule

	Klasseforeldre	FAU	SU	SMU	Elevråd
August	Veke 34/35				Valg. Konstituering Kurs i elevrådsarbeid.
Sept.	Konferansetimar	Etablering. Informasjon		Elevundersøkelsen	Elevundersøkelsen
Oktober					(to møte)
Nov.		Foreldreengasjement +info	Arbeid med handlings- programmet		(to møte)
Des.					(eitt møte)
Januar			Årsmelding		(eitt møte)
Februar	Konferansetimar			Skulemiljøtiltak - evaluering	(eitt møte)
Mars		Forebyggande arbeid	Forebyggande arbeid		(to møte)
April					(eitt møte)
Mai					Oppsummering av skuleåret. Evaluering
Juni					

Årshjul for råd og utval ved Eikefjord barne- og ungdomsskule 2011/2012

	FAU	SU	SMU	Elevråd
August			Informasjon om rassikring	Konstituering Vedta aktivitetar i gymnastikksalen i storefri
September	Konstituering Avtale storforeldremøte Informasjon om TL			Informasjon om TL (Trivselsleiarprogrammet)
Oktober	Gjennomføre storforeldremøte	Konstituering	Konstituering Gjennomgang av skulen sine planar/tiltak knytt til elevane sitt skulemiljø. Gjennomgang av skulen sin visjon og kjerneverdier	
November	Gjennomgang av resultat frå Nasjonale prøver og Elevundersøkinga	Gjennomgang av resultat frå Nasjonale prøver og Elevundersøkinga	Gjennomgang av resultat frå Nasjonale prøver og Elevundersøkinga	Gjennomgang av resultat frå Nasjonale prøver og Elevundersøkinga
Desember				
Januar				
Februar	Avtale storforeldremøte	Skuleutbygging	Skulemiljø i ein utb. periode	
Mars				
April	Gjennomføre storforeldremøte			
Mai	Evaluerer av arbeidet gjennom året Planar/tankar om neste år	Evaluerer av arbeidet gjennom året Planar/tankar om neste år	Evaluerer av arbeidet gjennom året Planar/tankar om neste år	Planlegge skuleturnering
Juni				Gjennomføre skuleturnering Evaluerer av arbeidet gjennom året Planar/tankar om neste år

MELDESKJEMA FOR SAKER UNDER OPPLÆRINGSLOVA §9A – 3

Sak innmeldt av _____ Dato: _____

Kort omtale av hendinga:

Meldt vidare til kontaktlærer(ar): Ja _____ Nei _____

Kontaktlærer si handsaming:

Saka løyst Ja _____ Nei _____

Rektor si vurdering:

Saka avslutta dato: _____

Saka vidaresendt for handsaming som einskildtvedtak dato: _____



FLORA KOMMUNE

Eikefjord barne- og ungdomsskule
Postboks 43
6941 Eikefjord

INNHALD

Skjema for oppfylgjing av prosedyre og mål i høve til oppl.§ 9a

MÅL:

1. Sikre informasjon til alle tilsette
Skjema 1
2. Sikre informasjon til foreldre / føresette
Skjema 2
3. Sikre elevmedverknad
Skjema 3
4. Sikre trygg sakshandsaming
Skjema 4

1. SIKRE INFORMASJON TIL ALLE TILSETTE

NR.	Tiltak	Tidspunkt	Ansvar	Utført	Avvik	Oppflg.
1.	Oppl. lova § 9a er tema i fellesmøte kvar haust	Innan veke 40	Rektor			
2.	Kvar tilsett skal kontrollere at dei har kopi av internkontrollen	Heile tida. Skal sjekkast innan v.40	Rektor			
3.	Kvar tilsett skal ha kopi av § 9 a frå oppl. lova	Heile tida. Skal sjekkast innan v.40	Rektor			
4.	Prosedyre for sakshandsaming skal vere kjend for dei tilsette	Heile tida. Skal sjekkast innan v.40	Rektor			
5.	Andre tilsette får informasjon om § 9a i felles møte	Heile tida. Skal sjekkast innan v.40	Rektor			

2. SIKRE INFORMASJON TIL FORELDRE / FØRESETTE

NR.	Tiltak	Tidspunkt	Ansvar	Utført	Avvik	Oppflg.
1.	Informasjon om oppl.l.§ 9a. Opplyse om dei rettane elevane og foreldre / føresette har. Dette skal vere tema i foreldremøte kvar haust.	Innan veke 40 kvart år	Rektor / delegere til lagleiar / k.t.l			
2.	Informasjonsbrosjyre om skulemiljøet til elevane og kapittel 9 a i opplæringslova skal sendast heim til nye elevar kvar haust	Innan veke 40 kvart år	Rektor			
3.	Rettane elevane har når det gjeld forsvarleg skulemiljø etter oppll.§ 9a skal omtalast i skulen sitt handlingsprogram (HP)	Skal sendast heim innan veke 40. Skal og gjerast tilgjengeleg på Fronter	Rektor			
4.	§ 9a i oppll.og dei prosedyrane skulen har i høve til denne, skal vere tema i møte med FAU, SMU og SU kvart år	Innan veke 44 kvart år	Rektor			

3.SIKRE MEDVERKNAD I SKULEMILJØET

NR.	Tiltak	Tidspunkt	Ansvar	Utført	Avvik	Oppflg.
1.	Elevrådet får informasjon om § 9a i oppl. kvart år	Innan veke 40 kvart år	Rektor			
2.	Leiar og nestleiar i elevrådet skal representere elevane i SMU i saker som har med skulemiljøet å gjere. Dei skal vere med i planlegging og gjennomføring av HMT-arbeidet ved skulen i saker som gjeld skulemiljøet for elevane	Kontinuerlig	Rektor			
3.	Saker som gjeld elevane sitt fysiske og psykososiale skulemiljø, skal vere med på møteplanen til elevrådet	Møteplan utarbeidd for kvar haust og vår. Innan 15.09 og 15.01	Kontaktlærar for elevrådet			

4. SIKRE TRYGG SAKSHANDSAMING - PROSEDYRE

NR.	Prosedyre § 9 a –2	Aktivitet	Ansvar	Lov / føresegn
1.	Saksgang	Følgjande §§ i forv.lova er viktige: § 11: Rettleiingsplikt § 11a: Sakshandsamings tid / førebels svar § 12: Advokat eller annan fullmektig § 13: Teieplikt med avgrensingar i §§ 13 a og 13 b. §§ 23 –24 –25 –27: Om vedtaket §§ 28 –35: Om klage og omgjeriing	Rektor	Forvaltningslova
2.	Journal	Alle saker må journalførast	Rektor	Arkivlova
3.	Skjema	Fordel å ha utarbeidd skjema	Rektor	
4.	Behandling	Ved tilbaketilmelding skal det fylgje med eiga orientering og opplyser om at vedtaket er gjort i samsvar med forv.lova, frist for eventuell klage og kven som er klageinstans. Krevst det skriftleg tilbaketilmelding skal den sendast innan 14 dagar.	Rektor	Forvaltning
5.	Vidaresending	Saker som ikkje ligg innafor skulens budsjettansvar eller råderett, skal sendast vidare rådmannen		Oppl.lova § 9a –2 Ot.prp.nr.72

012/12 ORIENTERING OM STRATEGIAR OG UTFORDRINGAR V/ORDFØRAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 19.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.02.2012	012/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til ordførar i Flora kommune om Orientering v/ordførar, datert 15.12.2011.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 080/11 Eventuelt..

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Orienteringa vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ORIENTERING OM STRATEGIAR OG UTFORDRINGAR V/ORDFØRAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Ordførar i Flora kommune orienterer om strategiar og utfordringar i høve til at Flora kommune er registrert som ROBEK-kommune.

Saksopplysningar:

Under møtet i kontrollutvalet 08.12.2011 under sak 030/11 Eventuelt gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Ordførar vert kalla inn til neste møte for å orientere om Flora kommune sine strategiar og utfordringar, bl.a. i høve til at Flora kommune er ein ROBEK-kommune.*

15.12.2011 er det sendt brev til ordførar i Flora kommune om at han vil bli kalla inn til møtet 19. januar 2012 for å orientere slik det går fram av vedtaket til kontrollutvalet.

Sekretariatet sine vurderingar.

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 15. desember 2011 11:03
Til: 'Solheim-Olsen Bengt (bengt.solheim-olsen@flora.kommune.no)'
Kopi: 'Holme Bjarne (bjarne.holme@flora.frp.no)'
Emne: Kontrollutvalgs møte 19.01.2011 - Orientering v/ordfører

I kontrollutvalsmøte 08.12.2011 under sak 080/11 "Eventuelt" gjorde kontrollutvalet vedtak om at dei ynskjer at Ordførar vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om strategiane og utfordringane til Flora kommune, bl.a. i høve til at Flora kommune er registrert som ROBEK-kommune.

Vi gjer med dette merksame på at de vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om ovanfor ståande.

Neste møte i kontrollutvalet i Flora er tidfesta til 19. januar 2012. Møteinnkalling vert sendt omtrent ei veke før møtet.

Med helsing

Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Developed by the American Association of University Professors, Washington, D.C. 20037. First Edition 1965. Revised Edition 1970. Second Edition 1975. Third Edition 1980. Fourth Edition 1985. Fifth Edition 1990. Sixth Edition 1995. Seventh Edition 2000. Eighth Edition 2005. Ninth Edition 2010. Tenth Edition 2015. Eleventh Edition 2020. Twelfth Edition 2025.

e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Faks: 57 72 20 10

013/12 VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 21.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.02.2012	013/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Bystyret	-	-	-	

Saksvedlegg

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av uavhengigheit, datert 07.02.12.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Flora kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 07.02.2011. til vitande. Saka vert sendt til bystyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for Flora kommune, har i brev datert 04.01.11 gjeve ei skriftleg egenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert si uavhengighet med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i egenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t uavhengighet og objektivitet overfor Flora kommune.

*Til Kontrollutvalet
i Flora kommune*

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Revplan 2012\

Erklæring2012FLORA

Arkivkode:

216&30

Journalnr.:

013 / 2012

Dokumentdato:

7. februar 2012

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT FLORA KOMMUNE

Innleiing:

I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet.

Både KommuneLOVA (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærare beskrivne nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. KommuneLOVA § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova, § 79, og forskrifta, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no


7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikkje revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine eigne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine eigne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for Flora kommune.</i>

Pkt. 8: Andre særlige forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særlige forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor Flora kommune.</i>
-------------------------------	--

Førde den 7. februar 2012



Terje Førde
Oppdragsansvarleg Revisor i Flora kommune

Kopi:

Flora kommune v/Rådmannen

Flora kommune v/Ordføraren

Til KRYSS-Revisjon
v/dagleg leiar Terje Førde
Postboks 487
6802 FØRDE

Kopi: Kontrollutvala

Dykkar ref.:	Vår ref. :	Arkivkode :	Journalnr. :	Dokumentdato:
	Revplan 2012	216&30	018 / 2012	08.02.2012

Vurdering av uavhengigheit - Revisjonsplanen for Askvoll Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund kommune 2012

Innleiing:

I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval. Slik uavhengigheitsvurdering ligg føre frå dagleg leiar/revisjonssjefen si side i skriv til Kontrollutvalet.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet, der også denne uttale frå utøvande revisor(ar) vil ligge ved.

Både KommuneLova (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærmare beskrive nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. KommuneLova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova, § 79, og forskriften, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særlege forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor, når det gjeld utøvinga av revisjonsarbeid, m.v., overfor kommunane nemnt i overskrifta, evt. kommunale føretak innafor kommunane, og øvrige føretak/verksemdar tilknytta KRYSS Revisjon sin oppdrag overfor desse:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikkje revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for kommunen eller nokon del av oppdraget.</i>

Pkt. 8: Andre særegne forhold

Underteikna kjenner ikkje til andre særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor kommunen.

Førde den 08.. februar 2012


Charles Eitshelm
Revisjonssjef forvaltning

014/12 REGLEMENT KONTROLLUTVALET FLORA KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 21.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	28.02.2012	14/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Bystyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Utkast til reglement for kontrollutvalet i Flora kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.
- Rapport 85-tilrådingar om eigenkontroll i kommunane utgjeve av KRD.
- Høyringsnotat om endringar i kommunelova, KRD.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Bystyret godkjenner reglementet for kontrollutvalet i Flora kommune.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL BYSTYRET:

Saksutgreiing

014/12 REGLEMENT KONTROLLUTVALET FLORA KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Innføring av reglement for kontrollutvalet i Flora kommune.

Saksopplysningar:

Det skal innførast reglement for dei politiske utvala i Flora kommune. I samband med dette har kontrollutvalsrådmannen teke kontakt med sekretariatet for kontrollutvalet med tanke på å få laga og vedteke eit reglement også for kontrollutvalet. I og med at kontrollutvalet skal vere uavhengig av dei andre utvala, og at kontrollutvalet har eige sekretariat, er det sekretariatet for kontrollutvalet som bør utarbeide utkast til reglement som så vert lagt fram for kontrollutvalet. Kontrollutvalet gjev tilråding om reglementet til bystyret.

Reglementet for kontrollutvalet er basert på kommunelova, forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Vidare er det teke utgangspunkt i rutineane som har vore gjeldane vedrørande system for val av varamedlemer, møteinnkalling, gjennomføring av møte og handtering av møteprotokollar.

Kommunal- og Regionaldepartementet gav i desember 2009 ut rapport med 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane. Etter dette er det utarbeidd utkast til endring i kommunelova. Høyring vedrørande dette er under gjennomføring.

I utkastet til reglement er det teke høgde for at dei tilrådingane som er gjevne om kontrollutvalet i rapport om 85 tilrådingar til eigenkontroll i kommunen og endringane som går fram av høyringsutkastet til endring av kommunelova vert gjennomførde. Dei mest sentrale punkta, som er tekne med i reglementet, i høve til dette er følgjande:

- Kontrollutvalet bør veljast på det konstituerande møtet saman med formannskap og ordførar.
- Leiarar og styremedlemer i kommunalt åtte selskap bør ikkje kunne sitje i kontrollutvala.
- Kontrollutvalsmøta bør som hovudregel vere opne.

Oppgåva til kontrollutvalet er å gje tilråding om reglementet til bystyret. Bystyret gjer vedtak i saka.

Sekretariatet sine vurderingar:

Reglement for kontrollutvalet i Flora kommune

Lov av 25. september 1902 nr. 107 om kommunar og kommunar (Kommunelova) i tillegg til "Forskrift om revisjon" og "Forskrift om kontrollutval" fastsett av kommunaldepartementet den 15. juni 2004 med heimel i nemnde lov er bindande og gjeld i sin heilskap.

§ 1 Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av bystyret, irekna å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørgje for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Flora kommune, og at kommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt bystyret sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre bystyret som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

§ 2 Val – samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer. Kvar av medlemene skal ha ein vararepresentant. Minst ein av medlemane skal veljast blant bystyret sine medlemar. Dei andre medlemane vert valde på fritt grunnlag.

Leiar og nestleiar vert valde på fritt grunnlag.

Leiaren bør veljast frå eit av partia/gruppene i bystyret som ikkje har ordførar.

Kontrollutvalet skal veljast som første utval etter val av formannskap, ordførar og varaordførar.

Ved val av medlemmer og varamedlemmer skal omsynet til representativitet i bystyret særleg ivaretakast. Det bør vidare leggjast vekt på å få medlemmer og varamedlemmer med god erfaring frå arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemmane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem av kommunal nemnd/utval med mynde til å ta avgjersle på kommunen sine vegne og tilsette i kommunen. Det same gjeld den som leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for eit selskap mv. som kan vere gjenstand for selskapskontroll, jfr. kommunelova § 77 nr. 5.

Utover dette gjeld kommunelova sine reglar om val av faste utval.

Valretten ligg til bystyret.

§ 3 Kontrollutvalet sine oppgåver - Arbeidsområde og saksgang

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommunelova kap. 12 forskrift om kontrollutval og forskrift om revisjon. Bystyret kan be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne.

Kontrollutvalet skal i følgje kommunelova sørge for at følgjande oppgåver vert utført:

- Rekneskapsrevisjon, sjå til at rekneskapa vert revidert på ein trygg måte, gje fråsegn til årsrekneskapa for kommunen og sjå til at revisor og bystyret sine merknader vert fylgt opp.
- Forvaltningsrevisjon, som er systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå bystyret sine vedtak og føresetnader. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, som skal leggjast fram for bystyret. Utvalet skal rapportere resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til bystyret.
- Selskapskontroll, som inneber å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet utarbeider plan for selskapskontroll. Vidare skal utvalet sørge for å få gjennomført selskapskontrollar i samsvar med planen, og rapporterer til bystyret om gjennomførte selskapskontrollar.
- Granskingar eller undersøkingar. Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter vedtak i bystyret foreta granskingar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til bystyret. Det er bystyret som vedtek desse planane.

Kontrollutvalet skal vedta årsmelding for eiga verksemd. Årsmeldinga vert lagt fram for bystyret.

Bystyret skal sørge for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett for drift av kontrollutvalet. Denne tilrådinga vert av formannskapet vurdert innarbeidd i formannskapet sitt samla framlegg til budsjett. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje budsjettsaka til bystyret.

Kontrollutvalet har fullmakt til å omfordele budsjettet mellom tenester/ansvar.

§ 4 Møte og sakshandsaming i kontrollutvalet – Saksgang

Ordinære møte vert avvikla i samsvar med fastsett møteplan for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine møte er opne. Lukking av møta må skje etter gjeldande lovverk.

Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møte til medlemmane i utvalet, med kopi til ordførar, rådmann, revisor og varamedlemer. Innkallinga vert i tillegg lagt ut på heimesida til kommunen.

Møta vert i utgangspunktet avvikla på kommunehuset (samfunnshuset), men kan leggjast til andre stader når kontrollutvalet finn dette formålstenleg.

Kontrollutvalet gjer alle sine vedtak i møte. Det vert ført protokoll frå møta i utvalet. Protokollen vert godkjent i møtet. Protokollen vert sendt utvalsmedlemmane, varamedlemmane, revisor, ordførar og rådmann i etterkant av møta på e-post. Protokollen vert lagt ut på heimesida til kommunen.

Melding om vedtak i kontrollutvalet vert sendt til rett instans i etterkant av møta.

Utvalet kan avvikle ekstraordinære møte når det er behov for det. Leiaren tek avgjerd om ekstraordinært møte skal gjennomførast.

Innkalling til ekstraordinære møte kan skje med kortare, men høveleg varsel enn for ordinære møte.

I særlege tilfelle kan utvalet gjennomføre kontrollutvalsmøtet som videokonferanse , telefonmøte eller på liknande måte, men det må sikrast at sakene får ein forsvarleg handsaming og at omsynet til ope møte kan ivaretakast.

Rådmannen eller tilsett i kommunen kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold. Rådmannen skal alltid orienterast dersom tilsette vert kalla inn til utvalet.

Kontrollutvalet eller einskildmedlemmar av utvalet kan delta i andre møte, studiereiser, synfaringar, konferansar og samlingar m.v som eit ledd i tilsynsansvaret, og få dekning av tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v etter kommunen sine reglar for slik deltaking. Kontrollutvalet fastset sjølv omfanget innanfor eige budsjett.

§ 5 Møte- og talerett

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor, eller den han peikar ut, har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Kontrollutvalsleiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i bystyret i samband med handsaming av saker lagt fram av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar til selskap som er 100% kommunalt eigde og som Flora kommune eig eller er medeigar i. Kontrollutvalet har ikkje talerett i desse møta.

§ 6 Sekretariat

Kontrollutvalet skal ha ei eiga sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sitt behov. Sekretariatet skal ha kompetanse til å støtte kontrollutvalet på alle funksjonsområda til utvalet.

Sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggjast til kommunen sin administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgåver for kommunen kan ikkje utøve sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet. Det same gjeld medlemmar av kontrollutvalet eller bystyret.

Tilsette i sekretariatet skal vere uavhengig av administrasjonen i kommunen og uavhengig til kommunen sine revisorar.

Bystyret fastset kva sekretariatsordning kontrollutvalet skal ha etter tilråding frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine oppgåver

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som skal handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd og gjev tilråding til utvalet i sakene.

Sekretariatet sørgjer for at innkalling og føring av møtebok i samband med møta i kontrollutvalet.

Sekretariatet skal sjå til at kontrollutvalet sine vedtak, og bystyret sine vedtak i saker som kontrollutvalet fremjar for bystyret, vert effektuerte.

Sekretariatet skal følge opp at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgaver etter lov og forskrift vert ivareteke og forsvarleg løyste. Kontrollutvalet kan leggje andre arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov eller forskrift ikkje er til hinder for dette.

Sekretariatet har fullmakt til å ta avgjerd i samråd med leiar i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd med melding til utvalet i neste møte.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, tinge ekstraordinære kontrollhandlingar når det haster å få sett i gang kontrollen.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, kalle inn til ekstraordinært møte i kontrollutvalet når dette er naudsynt.

§ 7 Revisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Bystyret vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet.

Vedteke av Flora bystyre 13.03.2012.

015/12 OPPSUMMERING SEMINAR OG KONTROLL OG TILYN I OFFENTLEG SEKTOR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 21.02.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.02.2012	015/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyre	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

Lysark frå Skei:

Forvaltningsrevisjon og Selskapskontroll - Terje Førde.pdf

kontrollutval-skei-1201 - Jan Olav Fretland.pdf

Overordna analyse - Terje Førde.pdf

Rekneskapsrevisjon - Ingvar Linde.pdf

Tilsyn Kontroll 230112 KU-konferansen på Skei - Terje Førde.pdf

Tilsyn og kontroll - Ingvar Linde.pdf

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPSUMMERING SEMINAR KONTROLL OG TILYN I OFFENTLEG SEKTOR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet oppsummerer seminaret på Skei 23.01.2012

Saksopplysningar:

Tre av medlemene i kontrollutvalet var på seminar om kontroll og tilsyn i offentlig sektor på Skei 23.01.2012. Kontrollutvalsleiar har bede om at det vert sett opp ei sak der ein oppsummerer seminaret.

Lysark frå seminaret ligg ved. Desse er også lagt ut på heimesida til Sekom sekretariat www.sekom.no.

Sekretariatet sine vurderingar:

FORVALTNINGS- REVISJON

Foredrag K1 dagsseminar Skt 2012 - Terje Fode, KRYSS Revisjon

1

Forvaltningsrevisjon

- Gjer man de riktige tingene
- Gjer man tingene riktig

Foredrag K1 dagsseminar Skt 2012 - Terje Fode, KRYSS Revisjon

3

FORVALTNINGSREVISJON

§ 9 Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkestemmenes virksomhet rigtig blir
gjennomført for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelserne i dette kapittel.
Forvaltningsrevisjon kan påføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av
kommunens eller fylkestemmenes årsregnskap eller ei kommunalt eller
fylkestemmenes årsregnskap.

Foredrag K1 dagsseminar Skt 2012 - Terje Fode, KRYSS Revisjon

2

Standard for forvaltningsrevisjon

- Eige rammeverk for revisor sitt arbeid:
- RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon
- Forskrift om revisjon
- Forskrift om kontrollutval

ISO 9001 Internasjonalt standard for
kvalitetskontroll

Foredrag K1 dagsseminar Skt 2012 - Terje Fode, KRYSS Revisjon

4

Forvaltningsrevisjon - Innhold

§ 7 Forvaltningsrevisjonens innhold

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, utnyttelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om

Foredrag KU dagsseminar Skar 20012 - Terje Færevik, KRYSS Revisjon

5

Forvaltningsrevisjon - Innhold, forts.

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger;
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området;
- c) regelverket etterleves;
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige;
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offisielle utredningskrav
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.

Foredrag KU dagsseminar Skar 20012 - Terje Færevik, KRYSS Revisjon

6

Plan for forvaltningsrevisjon

§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

